




RIKSANTIKVARENS MAGASIN

# ALLE TIDERS



Riksantikvaren 100 år 1912–2012



Borgund stavkyrkje har fascinert mange, og den aller første riksantikvaren, Herman Major Schirmer (1845 - 1913). Han var berre 16 år då han teikna Borgund. Utsnitt av illustrasjon: Herman Major Schirmer



11 Industrielle kulturminne



48 Fredningsstrategien



64 Verdiskaping

- 4 Ei hundreårsreise
- 9 Helsing frå Miljøverndepartementet
- 10 Iskalde kulturminner
- 11 Industrielle kulturminne
- 14 Norsk byutvikling før og nå
- 16 Våre nasjonale gater og plasser
- 18 Elvelangs i Fredrikstad
- 19 Vinnaren av Riksantikvarens kulturminnepris: Ein husdoktor
- 20 Verdensarvkonvensjonen 40 år
- 22 Registrering av samiske bygningar
- 23 Jubileumshilsen fra NIKU
- 24 Om riksantikvarer og om historie
- 25 Jubileumshilsen fra Fortidsminneforeningen
- 27 Jubileumshilsen fra Norsk kulturarv
- 28 Klimaendringer: Visdomskilden i Jotunheimen
- 30 Fartøyvern: Alle om bord!
- 32 Kystkultur: Mellom seilasene
- 34 Steinmeyerorgelet i Nidarosdomen
- 35 Kirkekunst i verdensklasse
- 36 Kulturminner fra krig og konflikt: De vanskelige minnene
- 38 Stavkirkedikt fra Jo Eggen
- 40 Forskning og forvaltning i kulturminnevernet
- 41 Landsverneplaner
- 42 Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltningen
- 43 Bryggen i Bergen: Reetablering av grunnvann
- 44 Fredningsgjennomgangen
- 45 Riksantikvarens bibliotek og arkiv
- 46 Oslo – hovedstaden som ikke ville bli voksen
- 48 Fredningsstrategien: Hva freder vi og hvorfor?
- 50 Utvalgte kulturlandskap i jordbruket
- 54 Kunsten å bevare
- 55 Arkeologi: Mindre private tiltak
- 56 Arkeologi på havets bunn
- 59 Båtfunnene i Bjørvika
- 60 EØS-midlene, nye partnerskapsmuligheter for norsk kulturminnesektor
- 61 Bratsbergbanen: Fredet opp av flomvannet
- 62 Kulturminner bra for klima
- 64 Verdiskaping er god forvaltning av kulturminner
- 66 Pilegrimsvandringar som bærekraftig reiseliv
- 67 Hvalfangst i Syd-Georgia

## Alle tiders · 2012

Alle tiders er Riksantikvarens magasin. Denne utgåva av magasinet er laga i høve Riksantikvarens 100års-jubileum.

**Ansvarleg redaktør:** Siri Wolland

**Redaktør:** Karen Thommesen

**Redaksjon:** Turid Årsheim, Mari Mette Eriksen, Sissel Carlstrøm, Ragnhild Hoel, Kaare Stang, Leif Anker, Marte Boro, Gurli Halin, Torborg Strand og Gunvor Haustveit.

**Takk til:** Riksantikvarens fototeam, ved Lene Buskoven, Anders Amlo og Fredrik Eriksen, for uvurderlig hjelp. Og takk til Tone Olstad ved NIKU, Helge Sørheim ved Arkeologisk museum i Stavanger og Marit Chruickshank ved Troms fylkeskommune. Takk til Riksantikvarens bibliotekarar og arkivarar. Til slutt ein ekstra stor takk til alle som har bidrege med sine gode pennar, gode bilete eller faktakunnskap. Vi bøyer oss i støvet!

Riksantikvaren, Dronningensgt. 13  
Postboks 8196 Dep. 0034 Oslo  
Tlf: 22 94 04 00, Faks: 22 94 04 04

[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

Tinging av abonnement: [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)

**Layout:** Melkeveien designkontor

**Trykk:** Rolf Ottesen as

**ISSN** 1891-9219 (trykt utg.)

**ISSN** 1891-9413 (online)

Opplag 7000

**Alle Tidens kan lastast ned frå:**

<http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Publikasjoner/>



# ET LAND I ENDRING – ET DIREKTORAT MED SPENNENDE FRAMTID



Riksantikvar Jørn Holme på besøk i Henningsvær, et levende fiskevær i Vågan kommune i Nordland. Foto: Siri Wolland

Riksantikvaren har siden opprettelsen 15. november 1912 vært den statlige myndighet som framfor noen har fulgt de store fysiske endringer i by og land. Norge er i utvikling og mye har endret seg på 100 år. Livet for folk likeså. I 1912 var klasseskillene store. De aller fleste var sysselsatt i jordbruket, men industrialiseringen medførte en voksende arbeiderklasse.

Nå er bare et fåtall sysselsatt i landbruk og industri, og det store flertallet bor i byene. Kulturlandskapet gror igjen og mange låver og uthus er på vei ned. De fleste mursteinsbygningene fra indus-

triaperioden på midten av 1800-tallet er i dag uten industri, men kan gjenbrukes som nye næringslokaler eller til boliger.

Sammenlignet med store deler av Europa, er Norge i en svært heldig situasjon. Vi har god økonomi og høy vekst, mye takket store olje- og gassinntekter. For kulturminneforvaltningen vil dette være en utfordring. Rikdom er erfaringsvis mer en trussel enn et gode for kulturminnene. Man vil bygge nytt i gode tider, og er ikke så opptatt av å bevare det gamle.

Kulturminnevern er nå ikke bare et fagområde, det er også politikk. Kulturminnepolitikk på alle tre forvaltningsområder, stat, fylke og kommune. De aller fleste av våre kulturminner er ikke fredet, og skal heller ikke være det. Den store utfordringen for kulturminneforvaltningen i de neste hundre år finner vi kanskje nettopp her. Ansvaret for verneverdige bygg ligger hos eierne og kommunen. Utfordringen blir å bevare store deler av kulturarven vår gjennom lokalt engasjement. Kommuner må se på kulturminnene som ressurser og verdier, og ikke som plunder og heft. Riksantikvarens rolle vil ikke bare være som myndighetsutøver, men like mye som rådgiver og utvikler av gode system og verktøy for godt lokalt kulturminnevern. For å lykkes med dette må eiere av kulturminner og det offentlige inngå gode partnerskap.

Ved oppstarten i 1912 hadde Riksantikvaren fokus på de klassiske og monumentale kulturminnene som våre eldste kirker, store gårdsanlegg og borgerskapets praktbygninger. I dag vernes kulturminner ut fra tanken om at alle deler av samfunnet er viktig. Alles historie skal fortelles. Riksantikvaren er et direktorat og en stor kunnskapsbedrift. Jeg pleier ofte å si at vi er i realiteten 150 riksantikvarer her på huset. Jubileumsutgaven av *Alle tiders* viser det med all mulig tydelighet. Fra byutvikling, via kystkultur til arkeologi på havets bunn, magasinet viser det store spennet i vår virksomhet. Artikkelen er stort sett ført i pennen av våre egne eksperter, men også med gode innspill fra noen av våre nærmeste samarbeidspartnere. Om noe nytt og noe gammelt. God lesning!

Jørn Holme  
RIKSANTIKVAR



**Bilete framside:** Operaen i Oslo vart freda den 15. november, som eit døme på norsk arkitektur i verdensklasse. Snøhetta teikna bygningen som vart opna for publikum i 2008. Foto: Siri Wolland

**Bilete bakside:** Borgund stavkyrkje blir av mange rekna som den best bevarte av stavkyrkjene våre. Då kyrkja, som del av Riksantikvarens stavkyrkjeprogram sto ferdig restaurert i april 2012, var til saman 5652 takspion bytte ut. Foto: Håkon Li



I 1923 vart det freda fem lystgardar i Vest-Agder, alle i Kristiansandområdet. Kjos var ein av dei. Hovudbygningen på Kjos vart oppført mellom 1785 og 1788. Foto: Vibeke Garmann Johnsen © Riksantikvaren



100 ÅR  
1912 – 2012

# Ei hundreårsreise

Riksantikvaren si oppgåve er å ta vare på historia, for oss som lever no og framtidige generasjonar. Men måten jobben vert gjort på, har endra seg mykje sidan 1912. Og synet på kva vi skal ta vare på, har forandra seg opp gjennom hundreåret.

AV EVEN GAUKSTAD, UNNI GRØNN,  
ULF HOLMENE, SIV LEDEN OG TURID ÅRSHEIM,  
RIKSANTIKVAREN

No til dags er kulturminna integrert i areal- og samfunnsplanlegging, og alle samfunnssektorar har ansvar for kulturminne. Fredingsprosessar er opne og demokratiske, og alle sider av historia vår skal bli representert på fredingslista. Men slik har det ikkje alltid vore.

Kulturminneforvaltinga i Noreg har ei lang forhistorie. Det heile starta på 1800-talet, gjennom opprettinga av Fortidsminneforeininga og arbeidet med å bevare stavkyrkjene. Dette utvikla seg til at vi i 1912 fekk Riksantikvaren som del av den norske forvaltinga.

## 1912

### STARTEN

Herman Major Schirmer var den første riksantikvaren, utnemnt 15. november 1912. Han fungerte som riksantikvar i fem månader før han døyde. Kunsthistorikar og fabrikkveigar Harry Fett tok då over. Han ga råd i antikvariske spørsmål om kyrkjer og andre kul-

turminne. Og ikkje minst, han dreiv lobbyverksemd. Harry Fett var ein stor nettverksbyggjar, og jobba hardt og målretta mot politikarar, stortingsrepresentantar og regjering for å få ei norsk lov om bygningsfreding.

## 1920-talet

### DEI FØRSTE FREDINGANE

Den første lova om bygningsfreding vart vedteken samrøystes av Stortinget i 1920.

I bygningsfredingslova sto det at departementet skulle setje opp ei liste over bygningar som skulle fredast. Ei nemnd på fem mann, Den antikvariske bygningsnemnd, underlagt Kyrkje- og undervisningsdepartementet, skulle ha ansvar for alle spørsmål rundt bygningane på lista. Riksantikvaren var leiar i nemnda.

Med få ressursar vart eit kjempearbeid sett i gong. Teolog Anders Bugge, kunsthistorikar Arne Nygård-Nilssen og kontorassistent Signe Sandberg var lenge dei einaste tilsette hjå Riksantikvaren. Å skaffe oversikt over kva som fanst av gamle bygningar i landet, var eit stort arbeid, og Riksantikvaren





Utsyn over Empirekvartalet, det gamle regjeringskvartalet, i Oslo. Bygningane vart teikna av arkitekt Christian H. Grosch og arkitekt og byggmeister Johan Raphael Pousette, og oppførte i første halvdel av 1800-talet. Det var svært omdiskutert då kvartalet vart rive på 1950- og 60-talet.

Foto: Riksantikvarens arkiv



sende brev til lensmenn, kommunar, organisasjonar og kulturinteresserte privatpersonar. Desse vart bedne om å hjelpe dei antikvariske styresmaktene med opplysningar om gamle bygningar i distriktet, helst oppførte før 1830-40-åra.

Den første fredingslista vart vedteken 1. februar 1923 og omfatta 216 eigedomar. Ein stor del av dei første fredingane var gardsbygningar.

#### «BERØMTE MÆNDS HJEM»

Dei første fredingane som vart gjort offentlege, gjaldt bygningar som hadde kulturhistorisk interesse gjennom «de berømtheter» som hadde budd der. Dette skreiv riksantikvar Harry Fett i ei pressemelding trykt i ei rekkje aviser i 1923. Dei kjende menn var mellom anna Henrik Ibsen, Arne Garborg, Bjørnstjerne Bjørnson, Henrik Wergeland og Aasmund O. Vinje. Truleg var det eit taktisk val at desse fredingane vart offentlege først, sjølv om ikkje alle av dei vart gjennomførte. Det ville vere lettare for folk å akseptere at eigedomen deira vart freda når dei kunne identifisere seg med «berømtheter».

Før fredingane vart vedtekne, vart fredingsforslaga sende på høyring til kommunestyra i kommunane der eigedomane låg. Eigarane av bygningane og anlegga

som vart sett opp på fredingslista, vart ikkje kontakta før fredingslistene var vedtekne. Då fekk dei brev der det mellom anna sto: «*man tillater seg i erbødighet at underrette Dem om at Deres gaard, ... er opført paa fredningslisten.*» Det var ikkje høve til å klage, men om eigaren ønskte å rive ein freda bygning, kunne styresmaktene ikkje nekte dette. I så fall måtte bygningen løysast inn av staten. Dette vart i mange tilfelle gjort ved at bygningar vart flytte til museum.

#### 1930-talet

##### KONSOLIDERING, RESTAURERING OG LISTEFØRING

Etter den svært så aktive starten, kom ei rolegare tid for konsolidering. 1930-talet var dei store kyrkjerestaureringane si tid. Ein del av dei første store bygningsrestaureringane kom også no, til dømes Herregården i Larvik. I denne perioden vart dessutan statlege bygningar gjennomgått, identifisert og listeført. Det var ikkje naudsynt å frede dei, staten ville ta vare på dei av seg sjølv, vart det sagt. Vidare vart det sett i gong ein gjennomgang av fredingslistene frå 1920-talet, og nye fredingar, mellom anna i Nord-Noreg, vart førebudde.

#### 1940-talet

##### KRIGENS DAGAR

1940-45 jobba Harry Fett hardt for å sikre kulturminna under tysk okkupasjon. Det vart nokre tap, til dømes Sola mellomalderkyrkje som vart teken ned på grunn av flyplassen. Men i det store og det heile vart mykje redda takka vere Fett si innsats. Fleire av fredingane som vart førebudde på 1930-talet vart vedtekne av Quisling i regjering. Det vart diskusjonar i etterkant om dei var gyldige eller ikkje. Men dei vart ståande, av di det jo ikkje var han som eigentleg sto bak.

#### 1950- og 60-talet

##### MANGE TAPTE SLAG

Gjenreisinga etter krigen var ei vanskeleg tid for kulturminnevernet. Kulturminnearbeid blei sett på som ein borgarleg overklasseaktivitet, og rett og slett uviktig i ei tid der det var oppbygging og framsteg som gjaldt. Riksantikvaren hadde lite gjennomslagskraft og det var mange tapte slag. Bryggen i Bergen vart redda med naud og neppe, medan Enerhaugen og Det engelske kvarter i Oslo gjekk med. Empirekvartalet, det gamle regjerings-

kvartalet i Oslo, gjekk også tapt. Det er eit historisk paradoks at vi i vår tid ser på dei nye regjeringsbygningane frå 1950-talet som verneverdige.

På denne tida var det også nokre viktige systemendringar. Ansvaret for mellomalderarkeologi vart i 1951, med ny fornminnelov, skilt ut frå landsdelsmusea og lagt til Riksantikvaren. Dette førte seinare til store by-arkeologiske undersøkingar i Bergen, Oslo, Trondheim og Tønsberg. Med fornminnelova av 1951 vart det òg høve til å frede andre typar kulturminne, mellom anna industrianlegg. Utover 60-talet fekk dei fleste fylkeskommunane fylkeskonservatorar, som langt på veg kom til å virke som ei forlenging av Riksantikvaren. Frå midten av 60-åra vart plan- og bygningsloven gjort gjeldande for alle landets kommunar.

## 1970-talet

### MILJØKAMP OG ARKITEKTURVERN

På 70-talet vart kulturminnevernet ein del av ungdomsopprøret og miljøkampen. Med eitt var det demonstrasjonar for bevaring av hus. Det er ei stor haldningsendring frå demonstrasjonane berre tjue år tidlegare, til dømes for riving av Bryggen i Bergen. «Vekk med rottene og den gamle brygge. Nye og moderne gårder vil vi bygge», var parolen då.

Arkitekturvernåret i 1975 var på mange måtar eit gjennombrudd, lansert av Europarådet som eit år for vern av den felles europeiske arkitekturarv. I Noreg var Gamle Stavanger, Røros og Nusfjord i Lofoten pilotprosjekt, og mange historiske bygningar vart redda. Leiaren for Arkitekturvernåret var Stephan Tschudi-Madsen. Etterpå vart han utnemnt som riksantikvar. Kulturminnevernet surfa på bølgiene av arkitekturvernåret og fekk større gjennomslagskraft. Riksantikvaren tapte færre og vann fleire slag. Når kulturminnearbeidet vart knytt til miljø-



Våren 1976 demonstrerte bebuarar i bydelen Kampen i Oslo mot planar om fireetasjes blokker i bakgardane mellom Normannsgata og Hølandsgata. Året før hadde bebuaraksjonen mot «Rehabiliteringsplan for Kampen» starta, som blokkprosjektet var ein del av. Rehabiliteringsplanen innebar omfattande riving (mellom 100 og 200 bustadar) og nybygging av 700 bustadar. Protestane nådde langt på veg fram og bygningsmiljøet på Kampen er i stor grad bevart. Foto: Finn Thoresen

kampen, fekk det eit større nedslagsfelt og større merksemd også i andre sosiale lag. Dette var ein periode der Riksantikvaren i aukande grad tok vare på arbeidarkultur og husmannsplassar.

### VASSDRAGSPROSJEKT OG STRUKTURELLE ENDRINGAR

Fram til no hadde arbeidet med kulturminne vore fragmentert, oppdelt i dei tre overordna emna arkeologi, nyare tids kulturminne og samisk kulturhistorie. I så måte var arbeidet med kulturminne i vassdrag eit vendepunkt. I åra 1977-78 blei for første gong dei ulike fagfelte kopla systematisk saman i eit felles prosjekt. Det var store konflikter rundt vassdragsutbygging på 70-talet, og både natur- og kulturverdiar stod på spel. I utgreiingane som kom, gjorde fagfolka heilskaplege konsekvensvurderingar rundt dei totale kulturminneverdiane. Arbeidsmåten vart

ein modell for kulturminneforvaltinga i åra som kom, og var viktig i dei strukturendringane som skulle komme.

1972 vart Miljøverndepartementet etablert, og året etter vart Riksantikvaren overført frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Dei to tidlegare lovene, bygningsfredingslova og fornminnelova, vart slått saman i kulturminnelova i 1978.

## 1980- og 90-talet

### REGIONAL KULTURMINNEFORVALTING

Riksantikvaren vart i 1988 gjort til fagdirektorat for heile kulturminneforvaltinga. Frå no av hadde Riksantikvaren det overordna ansvaret også for dei arkeologiske kulturminna, som tidlegare var landsdelsmusea sitt ansvar. Nils Marstein var riksantikvar i perioden 1995–2009, og han gjorde eit stort arbeid for å bygge opp Riksantikvaren som eit direktorat.

I 1990 fekk fylkeskommunane (i Oslo: Oslo kommune) rolla som den regionale kulturminneforvaltinga. Dei overtok fleire av oppgåvene frå landsdelsmusea og fekk delegert oppgåver innanfor bygningsvern. Stortinget ville ha fylkeskommunane, ikkje fylkesmannen, som regionalt ledd, og såg den politiske tilknyttinga som viktig. Kulturminna på Svalbard var eit geografisk særtilfelle, og forvaltinga

### Dei første fredingane

Første fredingsliste vart vedteken 1. februar 1923. Deretter kom ei ny liste 6. juni 1923. Tredje fredingsliste kom 27. februar 1924, så kom ei ny 23. april 1927 (hovudsakleg med eigedommar i Oslo, Bergen og Trondheim). Etter disse listene kom nokre svært få enkeltvedtak (m.a. for Agatunet i Hardanger), før det kom ei eiga liste for Røros 14. september 1940. Deretter kom ei supplerande liste for eigedommar i Sør-Noreg 14. mai 1941. Det er verd å merke seg at dei aller første fredingane i Nord-Norge vart vedtekne først 30. mars 1942.



er Sysselmannen på Svalbard sitt ansvar gjennom Svalbardmiljølova. I 1978 vart det innført automatisk fredingsstatus for samiske kulturminne eldre enn 100 år.

Ein føresetnad for det nye systemet var skiljet mellom forskning og forvaltning. Fram til no hadde Riksantikvaren framleis eige atelier for teknisk konservering av kyrkjekunst og dekor og overflater i freda anlegg. Riksantikvaren hadde praktiserande forskarar og arkeologar i felt. Riksantikvaren hadde òg til tider hatt ein eigen teknisk teiknar som teikna enkle forslag til ombygging, moderne kjøken osv. Ansvaret for forskning vart skilt ut til Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) i 1994. Frå 2001 har Riksantikvaren dispensasjonsmyndighet ved fornminner (før forvaltingsmusea).

#### NYTT SYSTEM, NY ROLLE

Det var tydeleg at Riksantikvaren etter kvart fekk ei annleis samfunnsrolle, og kom til dømes på banen i debatt om byutvikling. I ein kronikk 1. mars 1993 – *Filipstad – et feilgrep!* gjekk riksantikvar Øivind Lunde ut mot den planlagde utbygginga av containerhamn på Filipstad i Oslo. Nokre år tilbake ville eit liknande utspel vore utenkeleg, men byutviklings-spørsmål vart stadig viktigare for kulturminneforvaltninga. Det kan ein tydeleg sjå i våre dagar, der noverande riksantikvar Jørn Holme har fått mykje merksemd rundt utspela i Bjørvika-debatten.

Der det var få fredingar i perioden 1970-80, ser vi ei kraftig auke på 1990-talet, særleg gjennom store prosjekt som freding av prestegardar, det 20. hundreårs-ets arkitektur, og jernbaneminne. I 1992 kom det ein ny definisjon av kulturminne i revidert kulturminnelov – utan verdikvalifisering. Høg alder var no ingen føresetnad for vern. Både Villa Busk av Sverre Fehn og Arkitekturmuseet (Grosch/Fehn) vart freda kort tid etter at bygningane sto ferdig. Freding av kulturmiljø kom òg inn i lova: eit kulturmiljø kan bli freda av kongen for å bevare området kulturhistoriske verdi. Frå dei første listene med brev til eigarane på 20-tallet, har vi no fått demokratiske prosessar rundt freding, der høyring og klagerett er sjølvsgt.



Frå 1990-talet av kunne også nyare hus bli freda. Villa Busk i Bamble i Telemark, arkitekt Sverre Fehn, vart bygd i 1989 og freda av Riksantikvaren i 1993. Foto: Arve Kjerseim©Riksantikvaren

#### 2000-talet

##### EIT POLITISK FELT

I dag er kulturminneforvaltninga eit politisk satsingsområde, som del av miljøforvaltninga. På 2000-talet er det ikkje berre ein liten elite som jobbar med kulturminnespørsmål. Sektorsamarbeid er blitt rutine, der ulike sektorar tek ansvar for kulturminneverdiane. Mange frivillige er engasjert, og ein jobbar òg internasjonalt. I verdiskapingsprogrammet samarbeider lokalsamfunn med både riksantikvar og næringsliv om nyutvikling i historiske omgivnader. I landsverneplanarbeidet lagar staten verneplanar over sine historiske bygg. I fredingsgjennomgangen blir dei første fredingane saumfart av alle fylkeskommunane. Og stavkyrkjene, der alt starta i si tid, blir restaurerte i stavkyrkjeprogrammet. Ringen er på mange måtar slutta frå 1912 til 2012.

Men det stoppar sjølvsgt ikkje her. Det siste utviklingstrekket er at kommunane i større grad tek ansvaret for sine miljøverdiar. Gjennom plan- og bygningsloven kan kommunen setje viktige kulturminne som gir stader særpreg og eigenart, på dagsorden. Og gjennom planprosessar, med vekt på mangfald og deltaking, vil dei også kunne avgjere kva som er verneverdig i kommunen.

Nyare forskning frå Norsk institutt for kulturminneforskning syner at den offentlege kulturminneforvaltninga og mange frivillige aktørar ofte står for andre verdiar enn det som blir verdsatt lokalt. Lokalt synest identitet, oppleving og verdiskaping å vere viktig for verdisettinga.

Synet på kva som er verdt å verne, har endra seg dramatisk. No omfattar det så mykje meir enn det gjorde i 1912. Så det vi må spørje oss, er: Kva vil vi ta vare på inn i det neste hundreåret, og kvifor?



# Framtid med røter

**Fortida hjelper oss å forstå oss sjølve og kan gje verdifulle perspektiv på framtida. Kulturminnepolitikken må ha med seg dette bildet. Vi skal ta vare på minna frå fortida samstundes som vi innpassar dei i dagens og framtidens verkelegheit.**

AV MILJØVERNMINISTER BÅRD VEGAR SOLHJELL

Eg bur i Son, ein av dei best bevarte trehusbusetnadene langs Oslofjorden. Det er ein stad med eit rikt historisk innhald. I hollendertida var Son ei viktig hamn for utskipping av tømmer til Europa. Under bakken ligg spor frå ei enda eldre tid.

Samstundes er det her eg bur, fraktar ungane til barnehagen og handlar middag på Kiwi. Son representerer fortid, notid og framtid for meg og dei andre som bur her. Morgondagens Son vil vere prega av røtene frå fortida. Det gjer staden unik og spennande.

Menneska har tilpassa seg naturen og sett spor etter seg heilt frå isen trekte seg tilbake for over 10.000 år sidan. Samspelet mellom natur og menneske har gjeve oss mange av dei verdifulle kulturminna våre.

Det er naturgjevne føresetnader for at Oslo ligg der den ligg. Oslo er ei lun hamn med godt klima og fruktbar jord. Det gav grunnlag for busetnad som igjen har gjeve grunnlag for menneskeskapte kulturminne.

Vi må sjå det gamle og det nye i samanheng, slik at det kan forsterke kvarandre gjensidig. Innpassinga av den nye operaen i Oslos historiske sentrum, Bjørvika, er eit vellukka døme på samhandling mellom gammalt og nytt. Kulturminna treng plass



Foto: Bjørn Stuedal

og rom, men må innpassast i ein fortetta by. Derfor er god bypolitikk også god kulturminnepolitikk og omvendt.

Vi snakkar gjerne om den norske kulturarven som om den er noko særskilt. Men kulturuttrykk oppstår i møte mellom menneske og kulturar. Stavkyrkjene er norske, men akantusrankene i stavkyrkjeportalar viser vekstar som ikkje finst i Noreg. Nokon har vore utanlands og teke med seg inntrykk heim. Sjølv kristendommen er importvare.

Riksantikvaren kom til i ei avgjerande tid for utviklinga av eit sjølvstendig No-

reg, og har spelt ei viktig rolle i arbeidet med å ta vare på den norske kulturarven. Mange viktige vernesaker har vore prega av strid og sterkt engasjement. Omgrepet «kulturminne» er stadig blitt utvida og er i dag ein sjølvsgagt del av ei samla miljøforvaltning. Dette viser at Riksantikvaren har evne til å fornye seg samstundes som ein tek vare på fortida. Eg vil gratulere Riksantikvaren med dagen og ønske lukke til med 100 nye år.

# Iskalde kulturminner



Taubanebukk i Longyearbyen. Foto: Siri Hagen  
© Riksantikvaren

**Mange forbinder kulturminner i Arktis eller Antarktis med polarheltens ekspedisjoner. Men vår kamp for å underlegge oss naturkreftene og nytt land har i like stor grad vært en kamp om dyrebare ressurser.**

AV JØRN HOLME OG SUSAN BARR, RIKSANTIKVAREN

I det høye nord, i Arktis, har vi nordmenn har etterlatt oss særlig mange kulturminner. På Svalbard er kanskje Roald Amundsens villa og fortøyningsmasten til Amundsens luftskip blant de mest kjente. Men her finner vi også kulturminner fra fangst, forskning og, ikke minst, gruvedrift. Historien om Arktis er også ingeniørene og gruvarbeidernes historie.

Fra 1600-tallet, og frem til Norge fikk suvereniteten over Svalbard i 1920, var øygruppen et «allemannsland», åpent for alle som ville utnytte de rike naturressursene, om det så var hvaler, pelsdyr eller mineraler. Ikke minst lokket Svalbards geologi og kullforekomster til seg eventyrere på jakt etter et mulig industrieventyr. Rundt forrige århundreskifte kom pionerer fra en rekke nasjoner for å undersøke om fjellene gjemte drivverdige forekomster. Noen lyktes, andre dro skuffet hjem. På 1900-tallet er det norske og russiske interesser som har drevet Svalbards kullgruver.

Selv om få etablerte seg over lengre perioder, finnes det på Svalbard en samling av faste kulturminner med internasjonal opprinnelse som er unik i verdenssammenheng. Disse kulturminnene, sammen med den spektakulære naturen, gjør Svalbard til en god kandidat for en fremtidig innskriving på UNESCOs verdensarvliste.

## SVALBARDMILJØLOVEN

Kulturminnene på Svalbard forvaltes etter Svalbardsmiljøloven. Den sier at alle bygg og anlegg eldre enn 1946 er automatisk fredet. Det betyr likevel ikke at kulturminnene er sikret for all ettertid. Gjennom mange år er det lagt ned et stort arbeid for å forvalte Svalbards kulturminner, men utfordringene øker på med stadig større fart. Forfallet er til dels

stort. Forsterket av klimaendringer, med tining av permafrost og villere og våtere vær. Bevaring av alle kulturminnene fra kullgruvene er ikke en realistisk oppgave for kulturminneforvaltningen, innenfor dagens rammebetingelser.

## LONGYEARBYEN

Et av de viktigste teknisk-industrielle kulturminnene på Svalbard finnes i hjertet av Longyearbyen. I perioden 1920-83 var den gamle kraftstasjonen Longyearbyens hjerte. Det ble oppført tilbygg i 1924, 1930, 1937 og 1945, for å romme stadig nye kjeler. Alle kjelene fra 1924 og fremover er bevart, herunder NESPICO-kjelen fra 1930, Steinmüller-kjelen fra 1937 og Thune-kjelen fra 1947. Bygningen kan bli et flott besøkssted, som viser den tekniske utviklingen i innsatsen for å holde liv og varme i longyearbysamfunnet gjennom 60 år. Men først må den sikres!

## DET SORTE GULLET

I Longyearbyen er rekkene av taubanebukker som marsjerer over landskapet ikoniske. De viser til den enorme innsatsen som måtte til for å utvinne kull fra det treløse Arktis. Omfattende og fordyrende transport av materialer til Svalbard var en forutsetning for utvinning av det sorte gullet. Klimaendringer og tiden selv har ført til stor råtefare for disse bukkene. Både eier, Store Norske, og kulturminneforvaltningen er klar over at stor innsats må til dersom disse landemerkene skal bevares for ettertiden.

Kulturminnene på Svalbard forteller om vår evne til å tilpasse oss naturkreftene og hente ut ressurser fra selv de mest ugjestmilde steder på kloden. En viss turisme til tross, som feriemål har Svalbard sine klare begrensninger. For de aller fleste av oss er dette kulturminner vi aldri eller svært sjeldent får oppleve. Men i Svalbards tilfellet må gjemt aldri bety glemt!

# Industrielle kulturminne



**Atlungstad brenneri** i Hedmark er det einaste bevarte brenneriet i Noreg frå 1850-åra, som framleis kan produsere sprit. Og det einaste brenneriet som speglar utviklinga frå bygdebrenneri til produksjonsbedrift. Foto: Tore Lahn, Hedmark fylkeskommune



**Det blir stadig mindre industri i Noreg, og vi får fleire forlatne industrilokale og anlegg. Mange av dei er vakre monument over ei tid som er forbi.**

TEKST OG FOTO: ULF INGEMAR GUSTAFSSON,  
RIKSANTIKVAREN


Fram til 2012 har elleve utvalde anlegg fått støtte over statsbudsjettet til drift og istandsetting. Frå og med 2013 blir lista utvida med ytterlegare to anlegg, Atlungstad brenneri og Haldenkanalen.

Dei andre anlegga er Fetsund Lenser, Folldal gruver, Neptun sildoljefabrikk, Næs Jernverksmuseum, Kistefos Træsliberi, Klevfos Cellulose- & Papirfabrikk, Salhus Tricotagefabrik, Sjølingstad Uldvarefabrik, Spillum dampsag og høvleri, Tyssedal kraftstasjon og Rjukanbanen.



**Haldenkanalen** sørger for forenkla transport av tømmer til sagbruka i Haldsvassdraget. Kanalen var i drift frå 1877 til 1982 og renner gjennom kommunane Aurskog-Høland, Marker, Aremark, og Halden. Til saman har 25 dampbåtar trafikkert kanalen, 6 av disse er framleis på kanalen. Kanalen har i dag 3 slusestader.





▲ **Klevfos Cellulose- & Papirfabrikk** starta opp i 1888. Store skogområde gav godt grunnlag for produksjon av cellulose og papir mot slutten av 1800-talet. Fabrikken vart nedlagt i 1976 etter 88 års verksemd. På bileta ser vi delar av dei beltedrivne maskinane.

◀ **Næs Jernverk i Tvedestrand** var i drift frå 1665-1959, og er eit av eit tjuetals jernverk som var i drift i Noreg i perioden 1600-1900. Biletet viser digelstålverket der råjern og stål vart produsert i diglar laga av leire, og deretter frakta til hammarbygningen for vidare foredling.

▼ **Neptun sildoljefabrikk** vart etablert i 1907, og var i drift fram til 1987. Anlegget er representativt for den industrielle foredlinga og tekniske utviklinga innan fiskeindustrien. Råstofftankane på bileta utgjør eit viktig landemerke.





By i vekst, Bjørvika og Bispevika i Oslo. Havnområder gjøres om til områder for kontor, bolig og handel. Foto: Arve Kjerseim@Riksantikvaren

# Norsk byutvikling før og nå

**Norske byers historie er en viktig del av vår felles kulturarv og bidrar til å gi oss identitet og tilhørighet.**

AV MIKAEL LYE, RIKSANTIKVAREN

De første norske byene vokste frem tidlig i middelalderen, på 1000- og 1100-tallet. Noen av byene hadde sine røtter i handelsplasser fra vikingtiden, så langt tilbake som 800-tallet. Urbaniseringen kom i gang og pågår fremdeles i byer som Oslo, Hamar, Sarpsborg, Tønsberg, Skien, Stavanger, Bergen og Trondheim. I flere av disse byene kan vi fremdeles lese middelalderens gateløp, allmenninger, torg og bebyggelsesstruktur i dagens byplan.

## VANNVEIER

De første byene lå alle ved sjø eller ferskvann, og var knutepunkter i et nettverk av vannveier. Flere byer vokste frem der viktige ferdselsårer over land møtte sjø og vann. Men fra den tidlige middelalderen finner vi også rester av bymessige anlegg som ikke utviklet seg til fullverdige byer, eller som ikke har hatt en kontinuerlig tett bebyggelse frem til våre dager. Blant de mer kjente av disse er kaupangene el-

ler kjøpstedene på Borgund ved Ålesund, Veøy ved Møre samt Vågan i Lofoten.

## BYVEKST OG PEST

Bystrukturene, med gateløp, ble etablert i middelalderen og høymiddelalderen, 1150-1350. Byene endret seg lite frem til reformasjonen på 1500-tallet. Da Svartedauden kom til Bergen i 1349, forsvant halvparten, ja kanskje to tredjedeler av Norges befolkning på bare to år. Dette ga en krise i norsk byutvikling, som varte frem til reformasjonen. Eksempelvis var

det på begynnelsen av 1500-tallet ikke en eneste by langs kyststrekningen fra Skiensfjorden til Stavanger.

## HANDEL OG VEKST

Etter reformasjonen ble det igjen vekst i byutviklingen. Omkring år 1560 bodde mellom seks og åtte prosent av befolkningen i de til sammen elleve byene vi hadde i Norge. I 1665 hadde tallet økt til 18 byer. Oppsving i handel ga stor vekst i byene. Spesielt på Sør- og Østlandet var trelasthandelen avgjørende. Byer som lå

## NBI-registeret

- Riksantikvaren har opprettet NBI-registeret, og hovedformålet er å bidra til at viktige historiske kulturmiljøers skal sikres videre eksistens, til glede også for fremtidige generasjoner.
- NBI-registeret er en database over byer og tettsteder i Norge med kulturmiljøer som har nasjonal interesse.
- Registeret omfatter 75 byer med totalt 235 delområder
- NBI-registeret innebærer ikke formelt vern
- Områdene bør gi grunnlag angivelse av hensynssoner i utarbeidelsen av kommune- og reguleringsplaner etter ny Plan- og bygningslov.
- Vi anbefaler bruk av Riksantikvarens kulturhistoriske stedsanalyse, DIVE, for endelig avklaring av hensynssoner
- Områdene kan gi grunnlag for innsigelse



I kjølvannet av den industrielle revolusjon ble det fra 1854 bygd jernbaner mange steder i Norge og vi får et nytt urbant tilfang, nemlig stasjonsbyene. Disse ble anlagt som satellitter langs jernbanelinjene. Lillestrøm er et typisk eksempel på en stasjonsby. Bildet fra Lillestrøm jernbanestasjon er tatt mellom 1930 og 1940. Foto: Mittet/NB.



Rester av kongsgårder, kirker, klostre, borganlegg, bygårder, brygger, gater og torg, sammen med gjenstandsfunn og studier av jordlagene som har bygget seg opp gjennom århundrene, gir verdifull kunnskap om den delen av byenes historie som ikke går frem av skriftlige kilder. Bildet er fra Gerhard Fischers utgraving i Oslos middelalderby i 1930. Her sees området Korskirken, utgraving av østre kirkegårdsmur. Foto: Gerhard Fischer©Riksantikvaren

ved naturlige vassdrag og sagbruk vokste raskt. Forløperne til våre hvite sørlandsbyer etableres på denne tiden. Noen av disse var uthavner, mens andre utviklet seg til å bli ladesteder, underlagt en by med kjøpstadsrettigheter. Ladestedene hadde rettigheter som tillot vareinnførsel (lossing) og -utførsel (lading), og var viktige eksporthavner for blant annet trelast. Mange byer var først ladested underordnet nærmeste kjøpstad, for deretter å få egen status som kjøpstad. Fra middelalderen og fram til 1700-tallet var næringsvirksomhet som handel og håndverk forbeholdt byene eller kjøpstedene. Kongen ønsket kontroll, ikke minst for å kunne skattlegge. I denne tiden kom nye byer til i takt med utviklingen av næringslivet. De nye byene fikk sine formelle rettigheter fra kongemakten og ble administrativt anlagt med egne juridiske handelsprivilegier.

#### SELVSTYRE

Alt i alt ble 28 byer anlagt i dansketiden. I 1814 var det 39 byer i Norge. Etter undertegnelsen av Mossekonvensjonen fikk Norge indre selvstyre og vi kunne selv avgjøre hvilke steder som skulle få status som kjøpstad og ladesteder. Utover 1800-tallet ble samfunnslivet og handelen gradvis liberalisert, og handelsprivilegiene fikk mindre og mindre betydning.

#### INDUSTRI

Den industrielle revolusjon førte til en voldsom urbanisering i de vestlige landene.

Perioden fra 1830 til 1920 betegnes internasjonalt som «The era of great cities». Også i Norge fikk vi en kraftig befolkningsøkning, og mange strømmet inn til byene fra landsbygda. Spesielt Christiania opplevde en eksplosiv vekst fra 1850 og fram til den økonomiske krisen som inntraff ved det såkalte Kristianiakrakket i 1899. I dette tidsrommet, på bare 50 år, rulles murbyen ut som et sammenhengende teppe. Denne formidable byveksten har gitt indre by i dagens Oslo en unik og enhetlig karakter.

#### BYSTATUS?

Fra 1830 til 1920 økte andelen av nordmenn bosatt i byer fra 13 til over 43 prosent. Antall byer økte fra 39 til 62. Kjøpstadsprivilegiene falt bort og handelen ble frigitt. I 1952 ble begrepene kjøpstad og ladested avskaffet og erstattet med by. Etter 1960 ble mange byer utvidet ved at nabokommuner ble innlemmet i byen. Begrepene bykommune og herredskommune eller landkommune ble innført. Bykommuner måtte ha et større tettsted som sentrum. Mange små byer mistet derfor sin bystatus. Fram til 1996 var det Kommunaldepartementet som kunne gi en kommune bystatus. Fra da av åpnet staten for at enhver kommune kunne kalle seg by etter eget vedtak. I 1997 kom et regelverk som krevde at byer skulle ha enn 5000 innbyggere og et markant bymessig sentrum. På fire år fikk Norge 35 nye byer. I dag har vi 98 byer og Bergstaden Røros. Bystatusen gir ikke lenger noen spesielle juridiske eller administrative

konsekvenser, men kan være viktig for markedsføringen av et tettsted.

#### BYGGEPRESS

Økt urbanisering er et globalt fenomen. Over halvparten av verdens befolkning bor nå i byer med mer enn 5000 innbyggere. I Norge bor vel 75 prosent i tettsteder med mer enn 200 innbyggere. Den største tilflyttingen skjer til Oslo, Stavanger, Bergen og Trondheim og deres omkringliggende kommuner. Dette medfører stor aktivitet og et utbyggingspress som stadig oftere truer de historiske kulturmiljøene i byene. Norsk byplanlegging er i endring. De opprinnelige funksjonene, som tidligere ble sett på som en naturlig del av bylivet, flyttes nå ut av byene. Kompakte bysentra blir større, og det skjer hovedsakelig ved at tidligere lager, havn- og industriområder gjøres om til områder for kontor, bolig og handel. I dag er intensjonen å bebygge minst mulig jomfruelig mark. Eksisterende bygningsmasse skal tilpasses nye krav og behov, kompletteres og fornyes. Utfordringen blir da å gjøre dette på slik måte at kulturmiljøene videreføres inn i fremtiden. Forskning på den eksisterende byen er viktig for en bærekraftig utvikling som tar hensyn til så vel miljømessige og sosiale utfordringer. Å bygge i by dreier seg aldri bare om enkeltbygg, men om sammenhenger og opplevelsen av byen som helhet. Dette er kompleks balansekunst. Vi må kjenne vår historie for å gi både oss selv og kommende generasjoner den byen de fortjener.



Trondheim: Kong Oscar II og Dronning Sofie ble kronet i Trondheim i 1873, og prosesjonen i Munkegata ble fotografert fra tårnet i Nidarosdomen. I siktlinjen langs gata ser vi Munkholmen ute i fjorden. Foto: Fotograf ukjent, Riksantikvarens arkiv

# Våre nasjonale gater og plasser

AV INGUN BRUSKELAND AMUNDSEN,  
RIKSANTIKVAREN

Gater og plasser har til alle tider formet norske byer og gitt dem identitet, de er viktige sosiale arenaer og forteller om byens utvikling, ambisjoner og særpreg. Derfor startet Riksantikvaren og Statens

Vegvesen prosjektet «Våre nasjonale gater og plasser» i 2011. Formålet med prosjektet er å skape økt bevissthet om betydningen det offentlige rom spiller i byene våre. Riksantikvaren og Statens Vegvesen ønsker nå å invitere til en nasjonal dugnad for å heve kvaliteten på våre viktige fellesområder.

Samarbeidet har også resultert i boken «Norske gater og plasser – våre viktige byrom gjennom 200 år». Boken er ført i pennen av Peter Butenschøn, med fotografier av Guri Dahl, og kommer ut på Forlaget Press i november 2012.





▲ Ålesund: Kongens gate i Ålesund er vakkert istandsatt som gågate, men det er skarp konkurranse om kundene fra kjøpesentrene på Moa øst for byen, og også fra nye butikksentre inne i kvartalene. Foto: Guri Dahl



▲ Lærdalsøyri: Bebyggelsen langs Øyragata er en godt bevart dokumentasjon av velstandsdagene som Lærdalsøyri opplevde på 1800-tallet, da stedet var et knutepunkt for ferdselen mellom øst og vest, før Bergensbanen tok over mye av trafikken. Foto: Guri Dahl



Arendal: Torvet har vært en travel oase etter at det ble nylagt i 1980-årene. Foto: Guri Dahl





Sommer langs Vesterelven.  
Foto: Terje Tjørnås

# Elvelangs i Fredrikstad

Fredrikstad er en by i vekst. Prosjektet «Elvelangs» kombinerer kulturminnevern, rekreasjon og friluftsliv for å gjøre byen attraktiv for en stadig større befolkning.

AV KAREN THOMMESEN, RIKSANTIKVAREN

Vesterelven snor seg gjennom sentrum av Fredrikstad. Langs elven finner man viktige kulturminner som kommunen arbeider for å integrere i et stadig mer urbant bybilde. Fredrikstad byfestning, bedre kjent som Gamlebyen, ble grunnlagt i 1567 av Kong Frederik II. Den regnes som Nord-Europas best bevarte festningsby, med sine bygg fra 1600- og 1700-tallet. Gamlebyen er i dag et attraktivt boligområde og tilholdssted for blant annet gallerier, kafeer og butikker.

## ELVEPROMENADE

Gamle Fredrikstad Mekaniske Verksted, på folkemunne kjent som Værste, er et godt eksempel på hvordan industribygninger kan få ny bruk. Med gjenbruk av industrihaller til kultur, idrett og utdanning tar kommunen vare på byhistoriske trekk. Langs elven, mellom Gamlebyen

og Værste, hygger byens befolkning og tilreisende seg på elvepromenaden og de mange historiske bryggetorvene.

## MULIGHETSSTUDIER

Ved hjelp av blant annet mulighetsstudier skal bylivet langs Vesterelven utvikles videre.

- Områdene skal oppleves som felleseie og møtested for alle grupper, med særlig fokus på sosiale møter, kulturopplevelser og friluftsliv. Gjerne i kombinasjon med ulike former for fysisk aktivitet i parker og friområder, sier Bjørn Heidenstrøm, prosjektleder for Elvelangs.

Fredrikstad kommune arbeider nå for at elverommet skal fremstå som et forbedret og mer sammenhengende rekreasjonsområde når Tall Ships Races inntar byen i 2014.

## Næring i verneverdige byområder

Noen steder mister eldre verneverdige bykjerne sin vitalitet til fordel for kjøpesentra utenfor byen, mens i andre byer er de sentrale bevaringsverdige kulturmiljøene truet av sanering eller brutal ombygging. Riksantikvaren ønsker gjennom prosjektet «Næring i verneverdige byområder» å øke kunnskapen om praktiske, strategiske og planmessige grep som kan medvirke til å opprettholde og videreutvikle handelsnæring i verneverdige byområder. Hver av byene som deltar, Bergen, Fredrikstad, Hamar, Kongsberg, Røros, Stavanger, Tønsberg og Ålesund har selv valgt ut et relevant pilotprosjekt, og «Elvelangs» er Fredrikstads prosjekt.

## Interreg: samarbeid over landegrensene

Interreg er EUs program for å fremme sosial og økonomisk integrasjon over landegrensene gjennom regionalt samarbeid. Med sitt fokus på kulturmiljøer er «Elvelangs» Fredrikstad sitt bidrag i et større kunnskapsbyggende prosjekt om sosial bærekraft i byplanleggingen. Prosjektet er støttet av interreg IV programmet, og øvrige deltakere er Kristiansand, Göteborg og Halmstad.

# Ein husdoktor

Han kallar seg husdoktor, snikkarmeister og fjellbonde, karen som får Riksantikvarens fyrste kulturminnepris.

AV MARI METTE ERIKSEN,  
RIKSANTIKVAREN

I grunngjevinga til juryen blir Geirr Vetti skildra som ein eldsjel med uvanleg sterkt engasjement, og ein som har lagt ned eit enormt arbeid for bevaring og istandsetjing av eldre bygningar og kulturlandskap.

– Dette var totalt uventa. Ei kolossal oppmuntring for meg, samtidig som det fører med seg ei plikt å få slik ein gjev pris, seier 51-åringen som har hatt ein glødande lidenskap for gamle hus frå barnsbein av. Sjølv seier han det er mest på grensa til det sjukelege.

– Eg blir fysisk dårleg når eg ser eit hus som forfell, og det er ei livsoppgåve for meg å ta vare på kulturarven, fortel Vetti. Han seier sjølv at han får eit kick av utfordringar som andre ikkje vil gyve laus på.

## ALLSIDIG

Det er ein kløktig handverkar som tek imot prisen. Han er utdanna både treteknikar og møbelsnikkarmeister, og han titulere seg som sjølvlærd arkitekt. Lista over kulturminneprosjekt som har nyttegjort seg av kunnskapen hans er lang. Han dreg land og strand rundt for å bidra inn i ulike restaureringsprosjekt.

## STEIN PÅ STEIN

Skåri gard ligg høgt oppe på ei fjellhulle utanfor allfarveg i Luster i Sogn og er Vettis eigen bustad. Garden er eit framifrå eksempel på hans handverksarbeid. I arbeidet med å sette i stand denne fjellgarden, med eit titals hus frå 1600-talet, har han òg hyra inn nepalske sherpaer. Den unike kunnskapen nepalarane har om steinkonstruksjonar, kombinert med tradisjonell norsk byggjeskikk, har gjeve nytt liv til fallelferdige steinstover.

– No kjem alt frå skuleklasser til arkitektar på besøk til garden. Det ligg mange årsverk bak, men det er absolutt verdt det, smiler han.



▲ Ormelid gard i Luster i Sogn vart freda av Riksantikvaren i 2011. Geirr Vetti har gjort ein stor innsats for bevaringa av bygningane på garden. Foto: Siri Wolland  
► Ein glad prisvinnar blir, saman med sine venner frå Nepal, intervjuja utanfor Riksantikvarens kontor i Oslo. Foto: Mari Mette Eriksen

## NATURVENNLEG RESTAURERING

Direktør i stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, Katrin Blomvik, set ord på kva Geirr Vetti, saman med dei nepalske sherpaene, har betydd for at det krevjande restaureringsarbeidet på råsa opp til fjordgarden Skageflå skulle bli ein suksess.

– Samarbeidet med Vetti gjer ein ekstra dimensjon til arbeidet vårt. Eg har stor respekt for hans kompetanse og kunnskap, både på natur- og kulturminnefeltet. Arbeidet på Skageflå-råsa inkluderte ikkje bruk av noko maskinelt arbeid. Ingen inngrep i naturen var nødvendig, berre enkelt verkty og handemakt vart nytta. Sjølve arbeidet til sherpaene er berre heilt imponerande, fortel Katrin Blomvik.

## NATUR- OG KULTURVERDIAR

Vetti ser kultur og natur i eitt. Kulturlandskapet som omgir garden, er han oppteken av å halde i hevd. Her står beiting og skjøtsel i høgsetet.

– Samspelet mellom menneske og natur er viktig. Vi må vere meir audmjuke og sjå oss sjølve som ein del av det heile. For meg har det vore uhorveleg gjevande å bli kjend med dei nepalske sherpaene – og



deira tankesett. Naturen og landskapet vi har rundt oss er gullet vi skal gje komande generasjonar. Eg har reist rundt i Noregs land dei siste 25 åra, og gjengroinga er enorm. Ei haldningsendring blant folk må nok til, seier Vetti med eit hjertesukk.

På spørsmål om kva prispengane skal gå til, svarar han noko overraskande at dei må gå til noko moderne. Kanskje ein Arne Jacobsen-stol som kan stå i fin kontrast til dei gamle husa på Skåri gard.

## Riksantikvarens kulturminnepris

Riksantikvarens kulturminnepris blir delt ut til personar, organisasjonar eller miljø som har gjort ein spesielt god innsats for:

- Bevaring og/eller restaurering av kulturminne
- Formidling av kulturminne, nasjonalt eller regionalt
- Å ivareta kulturminne gjennom vedlikehald, restaurering og bruk/gjenbruk

Prisen er eit kunstverk og diplom. I tillegg får vinnaren 25.000 kr. Prisen vert delt ut for fyrste gong i jubileumsåret 2012.

# Verdensarvkonvensjonen 40 år

Stadig flere steder skrives inn på UNESCOs verdensarvliste. Kan det bli for mye verdensarv?

AV LISEN ROLL, RIKSANTIKVAREN

«Siden krig har sitt opphav i menneskesinnet, er det i menneskesinnet forsvaret for freden må bygges opp». På en vegg utenfor UNESCOs hovedkvarter i Paris er denne teksten hugget i stein på 10 språk - ikke noe nordisk. Den stammer fra innledningen til UNESCOs konstitusjon og viser situasjonen i 1945. Nasjonene skulle ikke bare arbeide for fred, men de skulle forsvare den freden som nettopp var vunnet. Det skulle blant annet skje gjennom samarbeid innen utdanning, vitenskap og kultur. FN-organisasjonen, UNESCO (United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization) ble etablert og skulle være en drivkraft i dette arbeidet.

## 40-ÅRSJUBILEUM

Verdenskrigene og den påfølgende utbyggingen av industri, boliger og infrastruktur, til dels på bekostning av eldre bygningsmiljø og natur, er bakgrunnen for *Konvensjonen om vern av verdens kultur- og naturarv*. Konvensjonen ble vedtatt 16. november 1972. I inneværende år feires 40-års jubileet på forskjellige måter over store deler av verden. FN regner med at det i dag finnes omtrent 200 selvstendige nasjoner. I september 2012 har 190 av disse ratifisert konvensjonen, med Singapore som den siste. Dette er helt eksepsjonelt i FN/UNESCO-sammenheng!

Konvensjonen er unik ved at den omfatter både kultur- og naturarv. Landene som har ratifisert konvensjonen forplikter seg til å identifisere, verne, formidle og overføre kultur- og naturarven til fremtidige generasjoner. I tillegg skal landene foreslå kultur- og naturarv som er av «fremragende universell verdi», for innskriving på Verdensarvlisten. Landene

